



Jobbnorge-ID: 121991

Søknadsfrist: Avsluttet

Nettside:

Omfang:

Varighet:

Forskingsteknikar (sommарvikariat)

Ved Dyreavdelinga, Klinisk institutt 1, Det medisinsk-odontologiske fakultet, er det ledig fleire sommарvikariat som forskingsteknikar både heiltid og deltid i perioden juni, juli og august 2016.

Arbeidsoppgåver:

Primære arbeidsoppgåver omfattar, stell og tilsyn av dyr og kvalitetssikringsarbeid knytt til dyreforsøk. Forsøk med dyr er regulert av fleire forskrifter og internkontrollrutinar. Den som vert tilsett vil og drive opplæring av avdelinga sine brukarar knytt til dyr, utstyr, og helse, miljø og tryggleik.

Deltaking i helge-/beredskapsvakt kan tilleggast stillinga.

Kvalifikasjonar og eigenskapar:

- Krav om relevant utdanning frå vidaregåande skule eller spesialutdanning tilpassa dei oppgåvene stillinga skal dekke. Lang og relevant praksis kan kompensere for manglande formell utdanning.
- Erfaring frå arbeid med dyr er ein føremon.
- Mange arbeidsprosessar ved Dyreavdelinga er automatiserte og kompetanse i automatisert utstyr vil bli vektlagt.
- Kurs i forsøksdyrlære i henhold til forsøksdyrforskrifta sitt krav om slik minimum opplæring (§24 Vedlegg E, 1-10) eller kurs i forsøksdyrlære tilsvarende FELASA A, B eller C er ein føremon men ikkje eit krav.
- Må ikkje vere allergisk mot dyr eller kjemikaliar.
- Personlege eigenskapar vil bli vektlagt.
- Vi søker ein ansvarsbevisst person som er glad i dyr og folk, og med interesse for forsking, som kan inngå i vårt arbeidsteam i sommar.
- Søkjar må kunne arbeide sjølvstendig, men og kunne samarbeide med både kollegaer og forskarar.
- Søkjar må vere fleksibel, ha evne til problemløysing, vere serviceinnstilt og imøtekomande.
- God munnleg og skriftleg norsk og engelsk er eit krav.

Vi kan tilby:

- Eit godt og fagleg utfordrande arbeidsmiljø.
- Stilling som forskingsteknikar (kode 1512) i lønnssteg 35-38 (for tida kr 347 700 - 361 000).
- Medlemsskap i Statens pensjonskasse.
- Stilling i ei inkluderande arbeidslivsverksemd (IA-verksemd).
- Gode velferdsordningar.

Generell informasjon:

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til forskar Aurora Brønstad, aurora.bronstad@uib.no, tlf. 55 97 37 82.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnsamansetning. Personar med innvandrарbakgrunn og personer med nedsett funksjonsevne blir oppmoda om å søkje stillinga.

Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teke til følge, skal søkjaren varslast om dette.

Søknad

Send søknad elektronisk via lenkja «Søk stillinga» på denne sida.

Søknaden skal innehalde:

- søknadsbrev der du seier noko om din motivasjon for stillinga, kvifor du søker og kvifor du passar til stillinga
- oversikt over utdanning og arbeidserfaring (CV)
- attesterte kopiar av vitnemål og relevante attestar
- to referansar (namn og kontaktinformasjon)

Søknadane vert sendt elektronisk til nemnda som skal vurdere desse.

Vi gjer merksam på at søknadar vert vurdert med den informasjonen som ligg føre i JobbNorge når søknadsfristen går ut. Det er søker sitt ansvar at alle relevante vedlegg er lagt inn innan fristen.

Søknadar på e-post vil ikkje verte vurderte.

Tilleggsinformasjon

Arbeidssted: